

KOMM. OG REG. DEP
20 FEB 2006
05 / 3280 - 297
Ark. 661.0
Avd. KO / KØ / HER



**Kommunal- og regionaldepartement**  
Pb 8112 Dep

0032 OSLO

Vår dato: 17.02.2006  
Vår ref: 2006/216 - 1494/2006 /  
Dykkar ref:

## **Høring - NOU 2005: 18 Fordeling, forenkling, forbedring - Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner**

Formannskapet i Stord har følgjande merknader til Inntektsutvalet si utgreiing

- Utvalet peiker i si utgreiing på at omfanget og kvaliteten på den kommunale tenesteproduksjonen tenderer til å auke med aukande nivå på dei frie inntektene. Inntektsutvalet har gjort eit solid arbeid i gjennomgangen av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga. Det er uheldig at det ikkje er gjort ei tilsvarende grundig vurdering av inntektsutjamninga og dermed av fordelingsverknader av det samla nivået på kommunen sine frie inntekter
- Utifrå målet om likeverdige tenestetilbod i alle kommunar må inntektssystemet betre enn i framlegget fange opp mellom anna regionsenterkommunar med låge frie inntekter og vekst sine særlege utfordringar og utgiftsbehov
- Formannskapet i Stord kommune meiner at systemet bør stimulera til frivillige kommunesamanslåingar, t.d. ved at den økonomiske vinsten ved kommunesamanslåing ikkje vert drege inn av staten.
- Formannskapet i Stord ser positivt på tilrådingane i "KOU 2005: Eigen inntekter for kommunane" om at kommunen bør ha større fridom i å fastsetja skatteinntektene sjølv, og vil slutta seg til denne.
- Formannskapet i Stord kommune ønskjer ei endring av reglante knytt til driftstilskot og investeringstilskot når det gjeld bygging av nye barnehagar. Desse må endrast slik at dei likestiller offentleg og privat utbygging av barnehagar.

Med helsing

Martin Dahl  
rådmann